



Årgang 21, nummer 2, Juni 2022



SOMMARBREV FRÅ REGIONALT FAGSENTER FOR MEDISINSKE KVALITETSREGISTER



I dette nummeret:

- Årsrapportar frå nasjonale medisinske kvalitetsregistre for 2021
- Nye nasjonale medisinske kvalitetsregistre: Brannskade og ECT
- På veg mot mindre dobbeltregistrering
- Kvalitetsindikatorar i register
- Utlysing av nasjonale midlar til kvalitetsforbettringsprosjekt
- Kvalitet- og registerkonferansen i Helse Vest - Kvalitetsprisen og posterpåmelding
- Tildeling av regionale stimuleringsmidlar 2022

Kontakt Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre

E-post:
kvalitetsregistre@helse-vest.no

Årsrapportar frå nasjonale medisinske kvalitetsregistre for 2021

Dei fleste nasjonale medisinske kvalitetsregistra har levert sine årsrapportar for 2021 den 15. juni og desse vert publisert fortløpande på nettsida til Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre.

Kvart år utarbeidar dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra årsrapportar med resultat. Formålet er først og fremst å vise kva nytte helsetenesta har hatt av resultatane frå registeret, og på kva måte registeret kan bli nytta til pasientretta kvalitetsforbettringsarbeid. Årsrappor-

ten viser korleis registeret jobbar, resultat som er viktig å trekke fram i året som er gått og plan for forbetringstiltak.

Sjå resultat frå sjukehusvisaren som er ei interaktiv publiseringsløyising:
<https://www.skde.no/kvalitetsregistre/alle/sykehus>

Sjå registeroversikt her: <https://www.kvalitetsregistre.no/registeroversikt>

Nye nasjonale medisinske kvalitetsregistre: Brannskade og ECT

Det er etablert nasjonale kvalitetsregistre på to nye fagområder med forankring i Helse Vest. Våren 2022 fekk Nasjonalt kvalitetsregister for Elektrokonvulsiv terapi (ECT) og Norsk Brannskaderegister (NBR) nasjonalt status. Tal på nasjonale medisinske kvalitetsregistre er då blitt 55 - (Registeroversikt - Nasjonalt servicemiljø) - 20 av desse er forankra i Helse Vest.

Nasjonalt register for ECT (Haukeland universitetssjukehus)

Elektrokonvulsiv behandling (ECT) vert skildra som ei effektiv behandling for fleire alvorlege psykiske lidningar, mellom anna alvorleg depresjon med eller utan psykosymptom. ECT har vert ein del av norsk psykiatrisk behandling i mange tiår, og omfattande forskning både nasjonalt og internasjonalt har bidrege til stadig fleire kvalitetsforbetrande tiltak. Pr. dags dato er det ikkje oppdaterte og nøyaktige tal over kor mange pasientar i Noreg som tar i mot ECT og kva effekt behandlinga har eller omfanget av biverknader dei opplev. Nasjonal status for kvalitetsregisteret vil bety at alle einingane som tilbyr ECT vil bli inkludert og gi moglegheit til å skaffe eit grunnlag for framtidig kvalitetsforbetring og forskning.

Gratulerer til Nasjonalt register for ECT med nasjonal status!

NBR (Haukeland universitetssjukehus)

Eit av formåla med Norsk brannskaderegister (NBR) er å gi ei systematisk oversikt over førekomsten og årsakene til brannskadar som må behandlast på sjukehus i Noreg, og at denne informasjonen skal bidra til forebygging av slike skadar. Nasjonal status for brannskaderegisteret gjer at alle landets fagmiljø saman med pasientorganisasjonane kan vere med å overvake og utvikle kvaliteten på behandlinga som blir tilbydd pasientar med brannskader. Ein kan med dette bidra til å sikre at alle landets innbyggjarar får eit likeverdig tilbod ved brannskadar og kan bidra til å heve kvaliteten i behandlinga.

Gratulerer til Norsk Brannskaderegister med nasjonal status!



Les meir om Nasjonalt register for ECT og Norsk brannskaderegister her: <https://www.kvalitetsregistre.no/artikkel/nye-registre-har-fatt-nasjonal-status>



På veg mot mindre dobbeltregistrering

Eit av måla i Meld.St. 9 (2012–2013) «Én innbygger – én journal» er at data skal være tilgjengeleg for kvalitetsforbetring, helseovervaking, styring og forskning. Mellom anna står det «Innrapportering til registre skal skje mest mulig automatisk, uten dobbeltregistrering, og være en integrert del av de faste arbeidsprosessene.» Automati-

sert datafangst i medisinske kvalitetsregister inneber at ein nyttar data som allereie eksisterer i andre kjelder, slik som elektronisk pasientjournal, Norsk Pasientregister (NPR), Kommunalt pasient- og brukarregister mm. Dette kan føre til mindre manuell innregistreringsarbeid for klinikarar, minskede dobbeltregistrering og auke datakvaliteten i registera.

I strategisk handlingsplan 2021–2023 for nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregister ([Strategisk handlingsplan 2021–2023 for Nasjonalt servicemiljø | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)) er automatisert datafangst og harmonisering av variablar eitt av fem satsingsområder. Fleire register er i gang med å sjå på mogleghe-

tene for å hente data frå NPR og KPR. Samtidig skjer det arbeid med å standardisere variablar i registera med omgrep frå SNOMED CT – ein internasjonal standard for klinisk terminologi – slik at ein lettare kan hente data frå andre kjelder.

Kvalitetsindikatorar i register

Ein kvalitetsindikator er eit indirekte mål om kvaliteten på området som blir målt.

Ved etablering av eit medisinsk kvalitetsregister vert den aktuelle pasientgruppa som inngår definert og avgrensa, og det vert avklart kva kvalitetsutfordringar ein ynskjer meir kunnskap om. Basert på dette vert det definert fagleg relevante kvalitetsindikatorar. Ein kvalitetsindikator kan til dømes vere helsetenesta sine tilgjengelege ressursar, pasientforløp eller resultat av pasientbehandligna.

Nettsida til Nasjonalt servicemiljø for

medisinske kvalitetsregister om kvalitetsindikatorar er oppdatert. Her kan ein mellom anna finne gode døme på utvikling av kvalitetsindikatorar og rettleiing til utvikling og revidering av kvalitetsindikatorar

Les meir her: [Kvalitetsindikatorer, utvikling og revidering | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)

Utlysing av nasjonale midlar til kvalitetsforbetringsprosjekt

Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregister (Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering-SKDE) lyser ut nasjonale prosjektmidlar til kvalitetsforbetring med bruk av data frå dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra. ([Registeroversikt | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)). Nasjonale medisinske kvalitetsregister, Helseføretak, sjukehus og avdelingar som vil nytte data frå nasjonale kvalitetsregister i pasi-

entretta kvalitetsforbetringsarbeid kan søke om finansiering til gjennomføring av kvalitetsforbetringsprosjekt

Søknadsfristen er 1.september og utlysingsteksten kan lesast her: <https://www.kvalitetsregistre.no/utlysning-av-midler-til-kvalitetsforbedringsprosjekter-soknadsfrist-er-01092022>

Kvalitet– og registerkonferansen i Helse Vest - Kvalitetsprisen og posterpåmelding

Kvart år vert Kvalitetsprisen delt ut ved den årlege Kvalitet- og registerkonferansen i Helse Vest, som i år blir arrangert i Førde 27-28.september 2022.

Leiarar og medarbeidar vert inviterte til å fremje kandidatar til kvalitetsprisen på 100 000 og eit kunstverk. **Fristen for å melde kandidatar til kvalitetsprisen er 1. juli** og forslag sendast e-post til helse@helse-vest.no. Merk at det er utarbeidd retningslinjer for kva som skal med i forslaget (grunngeving mm).

Leiarar eller medarbeidarar i Helse Vest som har gjennomført eit

forbetringsprosjekt, kan og dele erfaringane sine med andre ved å stille ut ein poster under konferansen.

På konferansen blir det også tildelt pris for beste poster. Medarbeidarar eller leiarar i Helse Vest som har gjennomført eit forbetringsprosjekt, kan dele erfaringane sine med andre ved å stille ut ein poster under konferansen.

Les meir her om konferansen, kvalitetsprisen og poster her: [Kvalitets- og registerkonferansen - Helse Vest RHF \(helse-vest.no\)](#)

Tildeling av regionale stimuleringsmidlar 2022

Fagsenter for medisinske kvalitetsregister ved Helse Vest lyste våren 2022 ut stimuleringsmidlar til bruk av data frå kvalitetsregister i forbetring av helsetenesta. Formålet med midlane er å stimulere til at data frå eksisterande register vert nytta i forbetringsarbeid, i arbeid med pasienttryggleik og bruk av pasientrapporterte utfallsmål. Erfaring frå prosjekta skal spreia slik at det kan kome til nytte i andre føretak.

På det regionale fagdirektørmøtet 21. 04.22 vart det vedteke at følgjande prosjekt får tildelte midlar:

- «Bruk av Kvarus-data i utvikling av kvinnespesifikke behandlingstilbud i ARA, SUS» (Helse Stavanger).

- «Hyppigere måling av FUNKsjon – bedre kvalitet på OPPfølging av MS-pasienter, ved bruk av data fra Norsk MS-register og biobank (FUNKOPP)» (Helse Bergen)

- «Frakturregister i Helse Vest – Multisenter forbedringsprosjekt med kartlegging av og reduksjon av pasienter med forsinket kirurgisk behandling («misslykket konservativ») ved diagnostisert hendeddsbrudd og alder over 50 år» (Helse Stavanger)

- «Kliniske profilar og prognosar hos geriatrike pasientar med kardiologiske problemstillingar» (Helse Førde)



Vi på Fagsenteret ynskjer alle våre lesarar ein riktig god sommarferie!

